


POST 1




Kva slags reknestykke kan dette vere?



Skriv reknestykket og finn svaret.



POST 2



Sofia får 2 % rente kvart år på pengane, P , ho har i banken.

Kva slags rekneuttrykk viser kor mange pengar ho har i banken etter 8 år?

- A** $P \cdot 1,02^8$
- B** $P \cdot 0,02 \cdot 8$
- C** $P + 1,02^8$
- D** $P + 2 \% \cdot 8$

POST 3



Kva må liggje i den tomme skåla for at den siste vekta skal vere i balanse?




POST 4




Her er eit figurmønster:




Figur 1



Figur 2



Figur 3



Figur 4

- **Kor mange små kvadrat består figur 5 av?**
- **Kva med figur 7?**
- **Og kva med figur 10?**
- **Finn ein formel for kor mange små kvadrat ein kva som helst slags figur består av.**



POST 5



Hemmeleg ord:

E C M K C R P G

Bruk alfabetet til å finne ordet.



A	B	C	D	E	F	G	H	I	J
K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T
U	V	W	X	Y	Z	Æ	Ø	Å	

POST 6




$$\text{cupcake} + \text{cupcake} + \text{cupcake} + \text{drink} = 135 \text{ kr}$$

$$\text{cupcake} + \text{cupcake} + \text{drink} + \text{drink} = 122 \text{ kr}$$


- Kor mykje kostar  ?
- Kor mykje kostar  ?




POST 7



Sjå på grafane.




A




B

Kva slags idrettar kan grafane beskrive?

POST 8








Kven skal ut?





Graf og funksjonsuttrykk

Kven høyrer saman?



1 $y_1 = 4x + 7$

3 $y_3 = 3x^2 + 1$

2 $y_2 = 2x^2 - 3$



4 $y_4 = -x + 7$

POST 10



Kva er likt?


Kva er ulikt?




POST 11




Om svaret er 48, er ruta rosa.




Kva slags figur er riktig?




A




B



C



D




E

POST 12



Figuren viser tre kvadrater med areal 9 cm^2 , 16 cm^2 og 25 cm^2 .

Kor stort er arealet til det rosa området?



- A** 50 cm^2 **B** 40 cm^2 **C** 30 cm^2
- D** 20 cm^2 **E** 12 cm^2

POST 13



Ane, Betty og Carla har kvar sin stein som enten er raud eller grøn. Alle tre lyg.

Ane seier:

Steinen min har same farge som steinen til Betty.

Betty seier:

Steinen min har same farge som steinen til Carla.

Carla seier:

To av oss, ikkje fleire og ikkje færre, har ein raud stein.

Kva for ei utsegn er riktig?


- A** Steinen til Ane er grøn.
- B** Steinen til Betty er grøn.
- C** Steinen til Carla er raud.
- D** Steinen til Ane har ein annan farge enn steinen til Carla.

POST 14



Diagrammet viser nedbør i Bergen ei veke i mai i 2018 og 2019.

Kva slags utsegn er riktige?



A Dagen med mest nedbør i 2018, var 15. mai.

B Det regna heile døgnet 15. mai 2019.

C Gjennomsnittleg nedbør denne veka i 2018 var omtrent 20 mm.

D I mai regnar det alltid i Bergen.

E Det regna omlag like mykje denne veka i 2018 som i 2019.

POST 15



Tala frå 1 til 6 skal du plassere éin gong i kvar rad, éin gong i kvar kolonne og éin gong i kvar boks.

Kva for eit tal skal stå i den gule ruta?

1		5			
4	2				
		4			5
2			1		
				3	4
	4		6		1



POST 16



Summen av fire tosifra tal er 352.
Same bokstav står for same siffer.

$$AA + AB + BA + BB = 352$$

Kva slags verdi har $A + B$?




POST 17




Kor lang tid?

Elevane skal finne ut kor lang tid dei vil bruke på å gå frå Flatiron Building til Metropolitan Museum i New York.

Google Maps viser følgjande:



via 5th Ave 1t
4,7 km
[Detaljer](#)



- Kor lenge er 1 minutt? Elevane står på linje og tar eitt skritt fram når dei trur det har gått 1 minutt.
- Kor langt går du på 1 minutt?
 - Elevane må gjere ei estimering over kor langt dei trur dei går.
 - Gå med vanleg gangfart.
- Kor langt går du på 5 minutt?
- Rekn ut kor lang tid du vil bruke på å gå oppgjeven distanse i New York.
 - Gje elevarket til elevane.

POST 18



Lik avstand

- Lag ein likesida trekant med sidelengde 1.
 - Marker alle punkt som ligg med avstand 1 frå to av hjørna.
 - Kor mange punkt finn de?
- Lag eit kvadrat med sidelengde 1.
 - Marker alle punkt som ligg med avstand 1 frå to av hjørna.
 - Kor mange punkt finn de?



Kor høgt?

- Ta utgangspunkt i eit tre, ein stolpe, ein bygning, e.l.
- *Elevane diskuterer og blir einige om:*
 - Kva er det minste antal meter det kan vere?
 - Kva er det største antal meter det kan vere?
 - Kva for eit tal ligg midt imellom dei to tala?

Gjenta aktiviteten med ulike høgder.

POST 20



Geometriske figurar

Lag eit rektangel.

Lag eit nytt rektangel som har dobbelt så stort areal.

Lag eit kvadrat.

Lag eit nytt kvadrat som har dobbelt så stort areal.

